

Konsito AS
c/o Karl Oscar Njåstad
5384 Torangsvåg

Fiskeridirektoratet
postmottak@fiskeridir.no

EVENTUELLE LUKKING AV FISKE ETTER LEPPEFISK HØYRINGSSVAR TIL DELTAKARFORSKRIFTA 2018

Konsito AS 2013 har tre eigarar som er fiskarar, og registrert på blad B. Konsito AS har dreve med leppefiske sidan 2013. Reiarlaget har tre båtar.

Me har hatt eit tett og godt samarbeid med Havforskningsinstituttet sidan 2015. I 2015 utførte me forsøksfiske for HI. I 2016 forsøk med seleksjonsinnretning ved fisket etter berggylt. Våren 2017 fiska me etter stamfisk (berggylt) for HI. HI har alt spurt om me kan delta med to båtar i 2018.

Fisket skjer alltid med minst to personar om bord i kvar båt. Det deltek såleis alltid seks mann under sjølve fiskeriet. I 2017 har me hatt totalt ni vikarar. Vikarane er unge folk, som korkje har erfaring eller økonomi til å driva eige fiskeri. Desse får ei verdifull erfaring, og selskapet vårt bidreg såleis til rekruttering til fiskerinæringa.

Som i all næringsverksemder generelt, og fiskeri spesielt, er det viktig med stabile rammevilkår. Ved ei eventuell lukking, av fiskeriet, må omsynet til stabile rammevilkår vega tungt. Dette av omsyn til alt gjorte investeringar.

Me forstår at biologiske omsyn kan føra til at fisket må lukkast. Det er likevel viktig å ta omsyn til fiskarar som investerte i fiskeriet før 2017.

I pressemelding av 30. mai 2017 skriv Nærings- og fiskeridepartementet at «*Det er også besluttet at det ikke vil være aktuelt å lukke fisket etter leppefisk nå i 2017. For å unngå økning i deltakelsen i 2017 som utelukkende er motivert av et mål om å oppnå deltakeradgang ved en fremtidig lukking av fisket, er det likevel bestemt nå at ved eventuell senere lukking av dette fiskeriet vil deltakelse i 2017 ikke være kvalifiserende.*

Me meiner at dersom fiskeriet blir lukka, og fiskeri i 2017 ikkje blir kvalifiserande til deltakeradgang, må det vedtakast ein unntaksregel. Dette slik at fiskarar som kan dokumentera at dei har tinga nybygg og/eller vesentlege ombygging i 2016 eller tidlegare år, men ikkje fekk båten overlevert eller klar før i 2017, får deltakeradgang.

Truleg gjeld dette berre nokre få reiarlag/båtar, men ein slik regel er svært økonomisk viktig for dei få det gjeld. Desse få fiskarane har ikkje innretta seg «*utelukkende ... motivert av et mål om å oppnå deltakeradgang ved en fremtidig lukking av fisket*». Tvert om har dei innretta seg for å skapa seg ei inntekt av dette fiskeriet. Ein slik unntaksregel vil ikkje vera i strid med føringa frå NFD.

Ein slik unntaksregel kan gjerne vera knytt til at fiskar alt er på blad B, og har erfaring frå fiske etter leppefisk. Dersom det blir stilt krav om at vedkommande alt er på blad B, får ein visse for at deltaking i 2017 ikkje var motivert av eit mål om å få deltakaradgang.

Ein ny leppefiskbåt kostar 2,5 – 3 MNOK, og det vil sjølv sagt vera svært negativt å ikkje kunne nytta slike investeringar i leppefiske.

«Fiskeridirektoratet ber om høringsinstansenes syn på å adgangsregulere fisket etter leppefisk ved å sette krav til fangstintekt fra fisket etter leppefisk på kr. 50.000 eller mer i minst ett av årene 2014, 2015, 2016.» Me er einig i dette kriteriet.

Fiskeridirektoratet ber òg om *«høringsinstansenes syn på å sette som vilkår at eier av fartøyet og høvedsmann må være ført på blad B i fiskermanntallet for å kunne fiske leppefisk i en eventuell lukket gruppe.»* Me er einig i at ved ei eventuell lukking bør det vera krav om at eigar og høvedsmann er på blad B.

På siste sida i høyringsbrevet skriv direktoratet at *«Sikkerhet for kvoten og forutsigbarhet er viktig.»* Me er einig i dette òg meiner omsynet til *«forutsigbarhet»* talar for at ved ei eventuell lukking må fiskarar på blad B, og som kan dokumentera at dei har investert i ny båt i 2014, 15, eller 16, få deltakaradgang sjølv om båten ikkje blei levert før i 2017.

Dersom fiskeriet blir lukka, og fiske frå fartøy i 2017 ikkje skal kvalifisera blir det bede om unntak for båtar det kan dokumenterast var tinga, eller under kontrakt for ombygging i 2016 eller før. Det kan gjerne stillast krav om at eigar er på blad B, og kan dokumentera erfaring frå leppefiske.

Austevoll: 20.11.17

Konsito AS
Karl Oskar Njåstad

